



Til Vindafjord kommune, v/ Reidar Bjordal

**Vedr. søknad om volumauke for Bremnes Seashore AS sitt anlegg på Svollandsneset/Bjoa.
Merknad frå Etne kommune.**

Vi har blitt gjort merksame på kunngjeringa tett oppunder høyringsfristen i dag, derfor kjem vår uttale på mail.

Etne kommune gav nyleg uttale til Hardangerfjordforskrifta, som skal regulere oppdrett av laks, aure og regnbogeare i Hardangerfjorden, inkl. Sunnhordlandsbassenget. Vi finn det derfor naturleg at vi også gir ein uttale til omsøkte volumauke på Bjoa. Jf. vårt vedtak (sjå neste side) må Bjoalandet/Ålfjorden inngå i verkeområdet til forskrifta og Fiskeridirektoratet region Vest sitt ansvarsområde. Dette synet har Vindafjord kommune slutta seg til. Begge kommunane er uroa for Etnelaksen, som har sin trekkroute forbi Bjoalandet.

Fiskeri- og kystdepartementet har som mål at forskrifta skal gjelde frå 1.1.2010. Dei foreslår sjølv at Bjoalandet/Ålfjorden skal høyre med i forskrifta. Vi vil tru dette vert resultatet, m.a. sidan Vindafjord kommune sjølv har støtta forslaget. **Vi finn det såleis som naturleg at søknaden på Svollandsneset vert slutthandsama etter den komande Hardangerfjordforskrifta.**

Etne kommune har stilt spørsmål ved bærekraften i oppdrettsverksemda i Hardangerfjordssystemet, særleg i høve til problema med lakselus og rømt oppdrettslaks. Særleg vedr. lakselus og trekkruta for Etnelaksen, ser Bjoa ikkje ut å vere den beste staden i distriktet å utvide produksjon på no. Ei auke frå 2340 til 3600 tonn er i denne samanheng relativt mykje, og det vil etter det vi kan sjå utgjere minst 100.000 fisk. Vi kjenner ikkje til ståa om lakselus ved den aktuelle verksemda, men Havforsking sinstituttet og andre fagfolk rår i frå å auke talet på potensielle lakselusvertar i Hardangerfjordområdet. Dette i alle høve inntil den generelle situasjonen er kome betre under kontroll. Utspel i media dei siste vekene underbygger dette, og det vert både frå høgaste politisk hald og Mattilsynet sagt at næringa må syne til monaleg betring vedr. lakselus allereie innan neste vår, om ein skal unngå pålegg om brakklegging etc. Vi kan då ikkje sjå at det er rett tid å utvide konsesjonar på i dette området.

Om søknaden frå Bremnes Seashore AS kjem no som eit forsøk på å kome Hardangerfjordforskrifta i forkjøpet er ikkje godt å seie, men det kan vel ikkje utelukkast heilt. **I alle høve meiner vi at saka må utsetjast i påvente av Hardangerfjordforskrifta. Alternativt bør søkjar få avslag inntil vidare.**

Etne, 30.11.09

Med helsing frå Erik Kvalheim
Fagansvarleg kultur og miljøvern Etne kommune



Vedlegg:

FRAMLEGG TIL FØRESEGNER OM SÆRSKILTE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.

Uttale frå ETNE FORMANNSKAP 17.11.2009. F-sak 78/09 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune ser med stor uro på den negative utviklinga for villaksestamma i Etne, Åkrafjorden og andre vassdrag i Hardangerfjorden. Situasjonen tilseier at der trengst konkrete og raskt verkande tiltak for å snu utviklinga. Det bør i føresegna for Hardangerfjorden setjast målbare grenser for kva ein skal tåle av lakselus og rømt fisk i området, og det må kome klart fram kva for tiltak som kan setjast inn dersom tolegrensene vert oversteget, inkl. tidsfristar for tiltaka. Utan tydelege miljømål vert oppfølging av føresegna vanskeleg både for forvaltninga, oppdrettsnæringa og villfiskinteressene. Alternativt synast 50.000 tonn produksjon ikkje å kunne forsvarast i høve til berekraft for området. Vi ser då heller ikkje at ein tek naudsynte omsyn til føre-var-prinsippet som gjeld i norsk forvaltning.

Etnefjorden er nasjonal laksefjord og Etnevassdraget nasjonalt laksevassdrag. Der kviler på styresmaktene å ta eit særskilt ansvar for laks- og sjøaurestammen i Etne. Vassdraget er viktig for lokal verdiskaping og blant kommunen sine mest markante og tradisjonsrike merkevarar.

Den norske stat har gjennom Bern-konvensjonen forplikta seg å ivareta den nordatlantiske laksestamma. Dette må leggjast til grunn i denne saka.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring i høve til verdiskaping og matproduksjon; også for Etne kommune. På same tid er det nedfelt i nasjonale strategiar og lovverk for akvakultur at næringa skal drivast berekraftig.

Etne kommune er positiv til samarbeid med oppdrettsnæringa og villfiskinteressene, som supplement til reguleringane i Hardangerføresegna.

Dei delane av Vindafjord kommune som er vendt mot Sunnhordlandsbassenget må vere omfatta av føresegna. M.a. ligg Bjoalandet i trekkruta for etnelaksen.

Det er positivt at styresmaktene aukar innsatsen på forskning om havbruk og villaks. Etne kommune håper dette t.d. inkluderer utvikling av metodar for sporing av rømt oppdrettsfisk, utvikling av sikrare anlegg, utvikling av steril fisk og forskning på lakselus og fiskehelse. Ein bør også ha fokus på overvaking av og tiltak i vassdraga. Generelt er der behov for auka tilsyn med både oppdrettsnæring, fjordar og laksevassdrag.

For grunngiving av einskildpunkt syner vi til saksframlegget.